

Smil for nummer 5.000

Radøy kommune er så nøgd over å kunna telja vesle Mathilde Valdersnes Vabø som innbyggjar nummer 5.000, at dei har laga ein smilefjes-vignett med den gode nyheita på. Klistremerket er sjølvstekt grønt og skjønt som øya det feirar.

– Me har bikka ei magisk grense i innbyggjartal og me vil markera at me gler oss over dette. Smilefjes-vignetten eit uttrykk for eit samfunn i

vekst og utvikling. Ved å gje merksemd til ein innbyggjar, håper me å få fram at det viktigste bidraget i ein kommune er det den enkelte innbyggjar gjer, seier ordførar Jon Askeland.

Alle grunnskuleelevane på Radøy vil få ein blyant med smilefjeset, og smilefjeset vil pryda heimesida og brev frå kommunen ei stund framover.



FEIL NAMN: I lukkerusen over radværing nummer 5.000 fekk far til Mathilde feil førenamn i avisa laurdag. Rett namn er Thomas Vabø. Mora heiter Stina Valdersnes Vabø.

Soppjakta held fram

SLETTA: Våpenhuset i Emigrantkyrkja står på bjelkar angripne av ekte hussopp.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

No jobbar fagfolk seg innover mot kyrkjerommet for å finna enda på elendet.

– Eg har fått ein rapport av soppsaneringsfirmaet om kva som er gjort så langt, men me kjenner enno ikkje omfanget av problema, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk Utvandringssenter.

Ekte hussopp

Heile førre veke var ISS sopp-sanering i Emigrantkyrkja for å finna årsak og omfang av røte og skader frå ekte hussopp. Ekte hussopp er den arten hussopp som er årsak til dei fleste større sopp-skadar i hus. Den kan gjera meir skade enn andre hussoppar fordi den har lågare krav til temperatur og fukt, og kan spreia seg gjennom murverk. Håpet var å få oversikt over situasjonen innan fredag, men det viser seg at arbeidet krev meir tid.

Må skifta berebjelkar

– Det som er sikkert er at bjelkelaget under golvet i våpenhuset og ytterbjelkane rundt våpenhuset er rotne og må skiftast ut. Ytterbjelkane er berande bjelkar, så desse må fjernast stykkevis og delte, elles vil heile våpenhuset rasa saman i prosessen, seier Heierland.

Veggen inn mot kyrkjerommet er ikkje kartlagd enno. Endeleg oversikt over omfanget håpar Heierland dei får på onsdag. Då vil ho, Oddmund Skjelvik frå venefor-eininga til utvandringssenteret og ISS ha synfaring av bygget.

Skal sjekka kyrkjegolvet

I mellomtida vil arbeidslaget frå ISS sikra ytterhjørna av våpenhuset, få støtte på plass under våpenhuset og opna opp mot ein bjelke som går innover i kyrkja.

– Me har ikkje påvist noko svekking i denne bjelken, så me håper skadane stoppar her, skriv avdelingsleiar Arne Kronheim i ISS i ein epost til Heierland.



HÅPER PÅ SVAR ONSDAG: Arbeidarane har enno ikkje full oversikt over omfanget av skadane frå vatn og ekte hussopp i Emigrantkyrkja. Avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk Utvandringssenter håpar dei får svar på synfaringa onsdag. (Foto: Anne-Lise Nordpoll)

57 km/t for fort

LINDÅS: To bilistar vart fotgjengarar etter ein fartskontroll i Bjørsviktunellen fredag kveld. Først stoppa UP ein bilist som kjørte i 127 km/t i 70-sona, og nokre timar seinare tok dei ein til som i følgje politiet sine målingar kjørte i 113 km/t. – Begge må rekna med å vera fotgjengarar ei og stund. Han som kjørte fortast kan også venta seg at saka får eit etterspel, seier Kjell-Idar Vangberg i Nordhordland lensmannsdistrikt.

Bak rattet med to i promille

MELAND: Natt til laurdag stoppa politiet ein tvilsam bilist, og det gjorde dei hurt i. – Ein patrulje stoppa ein bil ved Esso-stasjonen på Mjåtveit. Det var i halvfemtida om morgonen. Då er det ikkje mykje trafikk, og denne bilisten kjørte noko merkeleg, så våre folk fatta mistanke og stoppa han. Bilføraren måtte ta ein blåsetest. Den gav utslag, så då vart han tatt med vidare for blodprøve. Den viste at mannen hadde over to i promille, melder Kjell-Idar Vangberg i Nordhordland lensmannsdistrikt.

Vasslekkasje på Sletta

RADØY: Vatnet var stengt for delar av Mellingen, Instebø og til sør på Nesbø ei stund i går, på grunn av ein lekkasje. Trykket kom tilbake etter at lekkasjen var ordna. Mellom 50 og 60 husstandar var utan vatn.

TOSHIBA
Varmepumpe fra kr.
14.990,-
inkl. mva og montering

Se utstilling i butikk, Lyngveien 2 Knarvik

SCANDIC
MARKISER PERSONNER INTERIØR

TOTAL SERVICE AS

Service varmepumpe? Tlf. 56 35 79 80

www.total-service.no